



Køyretøy Historisk Klubb Voss ynskjer velkomen til

VossaRudl'n 4. juni 2016

Årets tema er samferdsle Voss - Hardanger.

I år går VossaRudl'n av stabelen laurdag 4. juni. Avreise frå Voss i flott vestlandsnatur med spennande vegar og oppgåver undervegs og deretter innkomst i Ulvik.

Påmelding

Køyretøy som omfattast av 30-årsregelen og med godkjent registreringsnummer kan melda seg på. Med køyretøy meiner me automobilar, MC/moped og nyttekøyretøy.

Påmelding innan 1 april!

Påmelding vert registrert fortløpande ved at De fyller ut vedlagde påmeldingsskjema og sender i retur til rudln@khkv.no eller rk.traa@online.no.

Fyrst etter frist for påmelding har gått ut, vil nemnda sende ut **stadfesting på deltakar plass**. På grunn av begrensningar i forhold til oppstilling og gjennomføring av løpet får me kanskje ikkje plass til alle. Me prøver, sjølvsagt, så godt me kan å få med alle.

Deltakaravgifta per ekvipasje: kr 550,-

Fredag 3. juni

Me gjentek suksessen frå sist og skipar til grillkveld på Terrassen på Fleischer's Hotel, fredagskvelden. Underhaldning med Dagfinn Iversen frå kl 19:00. Betaling direkte til hotellet for dette.

Løpsdagen Laurdag 4. juni

Laurdagsmorgon er det oppstilling på plenen nedanfor Fleischer's Hotel. Her vert De tildelt startnummer og løpsmappe. Klokkeslett for oppstilling og start kjem seinare.

Lunsj

Ved Voss nye skytebane, og lunsj vert å betala på staden.

Festbankett

Innkost og festbankett, med premieutdeling, vert halde på Brakanes Hotell, Ulvik, om lag 50 km frå Voss.

For Dykk som overnattar er festbankett inkludert i hotelloppakka.

Festbankett for Dykk som ikkje overnattar i Ulvik er kr 495,- som De betaler direkte på hotellet.

Registrer på påmeldingsskjema kor mange som skal delta på festbanketten.



Voss, februar 2016

Overnatting

Overnatting bestiller De direkte hjå Brakanes Hotel i Ulvik tlf: 56526105.

Brakanes Hotell, Ulvik prisar på overnatting laurdag 4. til søndag 5. juni 2016

Per person dobbeltrom: kr 1295,- inkl festbankett og frukost

Per person enkeltrom: kr 1495,- inkl festbankett og frukost

Per barn 5 – 15 år: kr 595,- i ekstra seng, i foreldre sitt rom

Per barn 0 – 4 år: Gratis.

Spørsmål vedr overnatting og festbankett stiller De direkte til Brakanes Hotel, tlf: 56526105,

E-post: brakanes@bhghardanger.no

Av overnattingsstadar på Voss kan ein nemna

Fleischers's Hotel tlf: 56520500 , e-post: hotel@fleischers.no Oppgje referansen «VossaRudl'n»

Park Hotel Vossevangen tlf: 56531000, e-post: booking@parkvoss.no Oppgje referansen «97819»

Sundag 5. juni

I Ulvik ligg Haugesenteret. Deltakarane kan her få omvising på utstilling og presentasjon av lyrikaren Olav H. Hauge. Omvisinga startar kl 11:00 og kostar kr 60,- per person.

Registrer på påmeldingsskjema kor mange som ynskjer å vitja Haugesenteret.

Stadfesting av deltakarstatus:

Stadfesting vil verta sendt per e-post, so raskt som mogeleg, etter påmeldingsfristen er utgått.

Ynskjer De dette tilsendt i posten, ver gild å opplys om dette!

I stadfestinga vil De få tilsendt faktura for deltakaravgifta .

De skal ikkje betala deltakaravgift før stadfesting på deltakarplass er motteke.

Me vil prøva å oppdatera heimesida og Facebookgruppa, fortløpande, om løpet og program for helga.

Venleg helsing

Øystein Helleve

Løpsleiar VossaRudl'n 2016

Mob 41448285